



Gloppen kommune

Landbrukskontoret

Mottakarar i følge liste

Vår ref.

21/9226

Dato

08.07.2021

Referat frå styremøte i utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal Ivo, 05.07.2021

Til stades:

Frå Sunnfjord:

- Siv Karin Hestad (teams) – vara polititar
- Ragnhild Sæle - Grunneigar
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune, som observatør
- Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy (teams) - Sunnfjord kommune, som observatør

Frå Gloppen:

- Karoline Bjerkeset - polititar
- Per Kandal – vara grunneigar
- Lindis Østgård – sekretær

○ **Introduksjon av medlemmer**

Vi tok ein rask runde rundt bordet. Karoline informerte om at ho er leiar av verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal Ivo.

○ **Informasjon om alternativ for plassering av fondsmidlar – Remi Lone Nilsen, økonomisjef Gloppen kommune**

Remi informerte kort om dei forskjellige alternativa som er til plassering av grunnbeløpet til utviklingsfondet på 10 mill. Tidelgare har dette stått på bankkonto utan rentebinding. Vedtektene legg opp til at styret bestemmer korleis fondet skal plasserast. Dette har ikkje vore oppe til diskusjon sidan fondet vart starta.

Alternativa er:

- Bank utan binding
- Bank med binding
- Fond – aksjar
- Fond – obligasjonar
- Kombinasjon av alternativa over

Adresse

Grandavegen 9, 6823 Sandane

Telefon

57 88 38 00

Org.nr

964 969 124

eDialog

[Sikker digital post](#)

Internett

www.gloppen.kommune.no

Styret ønskte ei sak til neste styremøte til hausten som legg fram alternativa, samt ei fagleg vurdering og anbefaling rundt dette.

Eit spørsmål var om ein faktisk kan bruke fond sidan ein risikerer å bruke av grunnbeløpet. Vedtektene seier at grunnbeløpet ikkje kan nyttast. Remi meinte at det er forskjell på å nytte grunnbeløpet til utbetalingar og å «nytte» den i nedgangsåar på fond.

Remi skriv eit samandrag frå presentasjonen han la fram på møtet. Dette vert ettersendt separat etter ferien.

- **Kort gjennomgang av administrasjonen av utviklingsfondet**

Det er planar om at møta i utviklingsfondet skal planleggast i samband med møte i verneområdetstyret. Det vert eit møte til hausten der plassering av fond vert hovudtema og vi prøver å få til same dato der. Etter det vert det stort sett eitt møte for året, på våren. Verneområdestyret har som regel møte i mai/juni. Vi må ha møte i god tid før 15. juni, sidan vi må sende ut vedtaka innan den datoen kvart år.

Det var ikkje møte i 2020 og vi må difor tildele midlar til søknader for både 2020 og 2021. Det kom inn 9 søknader i 2020 og 6 i 2021. Alle søkjarane i 2020 vart informert om situasjonen og utsetting til 2021. Dei fekk informasjon at om at det på grunn av forseinkinga ikkje ville ha negativ verknad på handsaminga av søknaden om tiltaket var starta/ferdig.

I 2019 vart det betalt ut midlar til eitt prosjekt – til utbetring av Petersenhytta (Dag Bakketun) – prosjektet vart avslutta.

I 2020 vart det betalt ut midlar til tre prosjekt: Oppgradering av fjøsar på Gjengedalstøyle (Nils Magne Gjengedal), parkeringsplass og infotavle ved Bruafjøsane (Gimmestad og Moen Grunneigarlag) og til tilbygg til Kupehytta (styret i Årdalskupa). Alle prosjekta vart avslutta.

Per i dag har vi to prosjekt som det er løyvd pengar til som det ikkje har vore utbetalt noko på: Kr 15 000,- til vøling av naust i Gjengedal og kr 100 000,- til oppsetting av to bruer i Langedalen (frist 21.11.2021 – startfrist 21.11.2020 – har ikkje vore etterspurt om oppstart).

- **Gjennomgang av vedtekter**

Alle hadde lest vedtektene på førehand og vi gjekk difor raskt forbi.

- **Val av leiar**

Karoline la fram forslag om at Sunnfjord skulle ha styreleiar fyste periode sidan styreleiar i verneområdet er frå Gloppen. Det vart bestemt at leiarperioden er den same som kommunestyreperioden, det vil sei fire år.

Vedtak

Styret vedtok at leiar vart valt for kommunestyreperioden.

Leiar: Ragnhild Sæle

Varaleiar: Marius Dalin (ikkje til stades)

Vedtaket var samrøystes.

- **Rekneskap**

Lindis la fram informasjon om feil i rekneskapen i åra 2018, 2019 og 2020. Denne feilen vart oppdaga etter at saka om tildeling av midlar vart skrive, men før årsmeldingane var ferdig. Feilen vart retta

opp i årsmeldinga for 2019 og 2020, og det vart lagt inn ein paragraf som forklarte feilen i årsmeldinga for 2018.

- **Rask gjennomgang av tidlegare tildelingar og avslag – på skjerm**
- **Tildelingar for 2020 og 2021**

Tildelinga vart gjort før feilen i rekneskapen vart retta. Det vil sei at det eigentleg var tilgjengeleg kr 37 469,- meir enn det som var lagt til grunn. I saksframlegget er det berre tildelt midlar til «heile tiltak». Det er ikkje tildelt litt ekstra til enkelttiltak for å bruke alle tilgjengelege midlar. Det er difor kr 47 835,- totalt som ikkje har vore nytta. Styret meinte det var positivt å ha nokre midlar igjen til neste år og valte å ikkje tildele dette til nokon andre prosjekt i år.

Per Kandal (vara grunneigar) var inhabil i tildelinga og var ikkje til stades for den delen av møtet.

Det vart peika på feil i sakspapira om at grønne tiltak ikkje hadde vore vurdert mot vedtektene. Dette må rettast. Alle tiltaka vart vurdert til å vere i tråd med vedtektene, men det vart ikkje gjort fleire vurderingar rundt dei grønne tiltaka.

Styret ønskte ikkje å nytte «tilhøyrande kommune» som del av prioriteringslista for tildeling. Dei meinte det vart feil at nye søknader skulle «straffast» for skeivtildeling tidlegare. Skeivtildelinga har vore på grunn av få søknader frå Sunnfjordkommunane og ikkje på grunn av skeiv tildeling av midlar. Styret oppmodar Sunnfjord kommune til å gjere meir for at grunneigarane i Sunnfjord kommune skal vere klar over at fondet kan nyttast. Styret oppfordrar grunneigarane i Sunnfjord kommune til meir aktiv søking.

Sjølv om «tilhøyrande kommune» ikkje var vurdert i prioriteringa, resulterte det ikkje i endringar i tildelinga frå det som var lagt fram. Styret var samd i dei vurderingane som var gjort av tiltaka som hadde plassering utafør verneområdet og som var samarbeidstiltak/tiltak for ålmenta.

Ysteriet er eit godt tiltak som har laga ei næring ved å bruke ressursane i verneområdet. Det vart opplyst om at tiltaket har fått midlar frå kommunalt næringsfond.

Det vart og opplyst om at Sølvene Gard fekk kr 500 000,- av kommunalt næringsfond.

Vedtak

Styret i utviklingsfondet for Naustdal – Gjengedal Landskapsvernområde tildeler midlar til fylgjande prosjekt i 2020 og 2021.

	Søkjjar	Kommune	Tiltak	Kostnad (kr)	Tildeling inntil (kr)	Prosent
1	Mardal Grunneigarlag v/Kjell Heggdal	Gloppen	Gapahuk og utedo på Mardalsstøylen	160 200	28 000	17
2	Hyen Natur og Friluft v/Ola Jan Birkeland	Gloppen	Villmarksleiren i Gjengedalsmarka	50 000	35 000	70
3	Risbotnen beitelag v/Jan Roger Engeset	Gloppen	Gjetarhytte	250 000	103 700	41
4	Per Kandal	Gloppen	Ysteri	690 000	0	0
5	Støylsvegen til Myklandsstøylen v/Jostein Fuglestrand	Gloppen	Parkeringsplass på Myklandsstøylen	91 000	63 700	70
6	Sølvene Gard v/Eivind Kandal	Gloppen	Ombygging av låven på Sølvene Gard	6 600 000	0	0
7	TOKO-Productions v/Torstein Kollevåg	Gloppen	Turist/situasjonskart i Kandal	67 552	0	0

8	Fitje Grunneigarlag v/Kristian Mardal	Gloppen	Bruar på Fitjestøylen	306 385	214 470	70
9	Øvre Naustdal Utmarkslag v/Normund Svoen	Sunnfjord	Sand til badestrand	30 700	21 500	70
10	Kløveren 4H v/ Elin Jorunn Roset	Gloppen	Vedlikehald og oppgradering av Nibbehytta	30 000	10 500	35
11	Nes, Fimland, Svorstøl Sankelag v/ Gudmund Eimhjellen	Sunnfjord	Bru over Naustda i Godtdalen (sauedrift+allmenn ferdsle)	82 000	57 400	70
12	Øvre Naustdal Utmarkslag v/Normund Svoen	Sunnfjord	Grindbygg ved Svobrua friluftsområde	83 639	58 500	70
13	Sande Sameige v/ Bjarne Rygg	Gloppen	Prosjektering av varmestove ved Sandsstøylen	38 400	0	0
14	Grunneigarar i Årdalskupa v/ Inge Årdal	Sunnfjord	Naust ved Kupevatnet - båt til fiskeforvaltning	90 000	55 000	61
15	Mardal og Fitje Sankelag v/ Kristian Mardal	Gloppen	Grindebygg til oppbevaring av utstyr til beitebruk	250 000	100 000	40
TOTALT				8 819 876	747 770	

Det vert sett følgjande vilkår for tildelinga:

1. Tilskotet vert avgrensa for kvart prosjekt til den tildelte summen i tabellen. Dersom kostnaden blir vesentleg lågare enn planlagd, vert tilskotet redusert tilsvarende.
2. Tiltaket skal vere starta opp innan 1 år etter vedtaksdato, viss ikkje fell tilskotet automatisk vekk. Søkjar er pliktig til å sende informasjon om oppstart før denne fristen.
3. Utbetalingar kan skje undervegs etter søknad.
4. Før sluttutbetaling skal det leggest fram rapport og rekneskap for gjennomført tiltak. Vi gjer merksam på at søkjarar med mva-refusjon skal føre kostnader utan mva.
5. Tiltaket skal vere avslutta innan 2 år etter vedtaksdato, viss ikkje fell tilskotet automatisk vekk. Det kan i spesielle tilfelle søkjast om utsett oppstart eller arbeidsfrist.
6. Dersom tiltak berre er delvis fullført innan arbeidsfristen kan utbetalt tilskot heilt eller delvis krevjast tilbake.
7. Ved søknad om utbetaling må vedlagte utbetalingskort nyttast.
8. Eigeninnsats dokumenterast med timelista. Andre kostnader dokumenterast ved faktura.

Merknad

Tildeling av midlar betyr ikkje at prosjektet er godkjent etter anna regelverk. Søkjaren har sjølv ansvar for å skaffe nødvendige løyve der det er aktuelt. Det anbefalast å undersøke med verneområdeforvaltar og kommune om løyve er nødvendig før oppstart av tiltaket.

Styret oppmodar Sunnfjord kommune til å gjere meir for at grunneigarane i kommunen skal vere klar over at fondet kan nyttast. Styret oppfordrar grunneigarane i Sunnfjord kommune til meir aktiv søking.

Vedtaket var samrøystes.

○ Anna

- **Utsettingsfrist på ferdigstilling av prosjekt**

Styret vart samd i at sekretær konfererer med styreleiar viss søknad om utsetting av frist vert motteke. Sekretær og styreleiar vurderer om vedtak kan gjerast administrativt eller av styret. Det skal ikkje gjevast meir enn 1 år utsetting utan handsaming av styret.

Vedtak

Sekretær og styreleiar vurderer framgangsmåte ved eventuelle søknader om utsetting av frist.

Vedtaket var samrøystes.

- ***Gamle saker om ubrukte tilskot***

Styret vedtok å trekke midlane til vøling av naust på grunn av utgått frist. Sekretær skriv brev om at midlane vert trekt sidan vi ikkje har motteke oppmoding om utbetaling samt dokumentasjon på at naustet er ope for ålmenta. I fylgje vedtektene er det ein arbeidsfrist på 2 år og den er utgått.

Når det gjeld dei kr 100 000,- til bruer er ikkje arbeidsfristen ute. Sekretær ringar søkjar og høyrer om det er sannsynleg at tiltaket vert gjennomført innan fristen.

Vedtak

Midlane til vøling av naust i Gjengedalen vert trekt tilbake på grunn av utgått frist og manglande dokumentasjon på at naustet er ope for ålmenta.

Vedtaket var samrøystes.

Mottakarar

Jens-Andre Gjengedal
Karoline Bjerkeset
Marius Dalin
Olav Fuglestrand
Olav Svoen
Per Kandal
Ragnhild Sæle
Siv Karin Hestad
Sunnfjord kommune

Postboks 338

6802

FØRDE